



Forbundet for Leing og Teknikk
Avd. 086, Høyanger

21.9.14

Arbeids- og sosialdepartementet

postmottak@asd.dep.no.

Høyringsuttale mot auka bruk av mellombels tilsetjingar

Vi viser til dep. si utsending av endringsforslag 25.6. og brev om utvida høyringsfrist datert 10.7.14.

Det er føreslått ei rekkje endringar av arbeidsmiljølova. Det ser ut til at den alvorlegaste er framlegget om auka moglegheiter til mellombelse tilsetjingar. Dette vil legalisere nokre av dei lovbrota og den arbeidslivskriminaliteten som finst i dag når bedrifter brukar innleigde og mellombelse til å gjere arbeid innafor bedrifta si ordinære verksemd i ulike bransjar. Bedriftseigarar og kapitalinteresser ser nok dette som ein stor fordel.

Vi ser også fordelene for den arbeidslause å få ei mellombels tilsetjing samanlikna med inga tilsetjing. For arbeidstakarane som heilskap er dette derimot ei ulempe fordi det betyr at det etter kvart blir færre faste arbeidsplassar fordi meir av arbeidet skal gjerast av lausarbeidarar. Desse mellombelse tilsette vil få ein mindre trygg og føreseieleg arbeidsdag. Dei vil ha større vanskar med å få lån til t.d. bustad enn fast tilsette.

Det er opplagt at dersom meir av arbeidet/produksjonen skal gjerast av mellombels tilsette, vil det bli færre med faste tilsetjingsforhold. Dette er også dokumenter i m.a. OECD-rapport Employment Outlook 2013 at det ikkje finst bevis for at auka moglegheit til mellombelse tilsetjingar aukar sysselsetjinga, men at faste jobbar blir erstatta med mellombelse. Det skuldast m.a. at tidlegare faste jobbar blir utlyst som mellombelse.

Men den fordelene regjeringa no vil gje bedriftene, har ei bakside også for mottakar. Alt tyder på at bedriftene naturleg nok i mindre grad vil satse på kompetanseheving av mellombels tilsette enn faste. Det vil føre til dårlegare produktivitet og konkurransekraft. Burde ikkje dette dempe regjeringa sin iver til å liberalisere?

FLT-avd. 86 ser retten til arbeid og fast tilsetjing som ein menneskerett. Gjennom arbeid oppnår ei løn å leve av og forsørgje seg og sine barn med og ein får sosial omgang og aksept. Dette vil bli svekka med mellombels tilsetjing. Lovframlegget må derfor ikkje vedtakast.

Med helsing
FLT-avd. 86 Høyanger

Einar Rysjedal, leiar

FLT-avd. 086, Høyanger

Boks 155

6991 HØYANGER

E.post-adr.: avd086hoyanger@flt.no

Leiaren sin heimetlf.: 57 71 25 90

Leiaren sin mobiltilf.: 95 16 54 29

Nettside: <http://www.flt.no/www/Avdelinger/>